

«Dar kjem Dampen» I

I BT på tirsdag skriv Rune Anda på eigne og fru Hammer sine vegner om at fjernsynsprodusenten hadde skuffa ved ikkje å nemna tekstforfattaren til «Gamle Dampen». Det er sjølv sagt synd at slike glipp skjer, men eg kan forvissa både Rune Anda og fru Hammer om at Ragnvald Hammer sitt namn vert nemnd med største vørdnad både i visekrinsar og kystkultur-krinsar. Vi veit så vel at hadde det ikkje kome ein tekst hadde det heller aldri vorte noka vise om «Gamle Dampen». Vi unner både Ragnvald Hammer og Ivar Medaas den åtgaum som har vorte dei til del, og om det no er kome eit par nye vers til får vi vona at ikkje det øydelegg heilskapen i visa. Alle som kjenner til dette veit at dei nye versa er gaukungar, men vi blandar ikkje begrepa: Ragnvald Hammer sin tekst vil leva så lenge det finst visevener til.

SIGMUND RØNNING

«Dar kjem Dampen» II

Vel attkomen heimatt hev eg fengje gjete at det i NRK 1 sist sundag vart sendt eit program om eimskipet «Oster». Det var sikkert eit gildt program, men eg vart forfærd då eg fekk høyra at den vyrde Vidar Lehmann har snikra i hop tvo nye vers til «Dar kjem Dampen». Er dette sanning, er eg djupt vonbroten. Dette hadde eg ikkje venta av ein so høgvyrd mann. Han heve evne og flogvit til å skriva noko nytt og frittståande.

Å leggja nytt til gamalt som andre hev snikra i hop er kulturvandalisme og stor skam, same kven som fer slik åt. Korleis ville bladstyraren likt at leiarartiklane hans hadde vorte påplussa av andre bladfykar?
Min gode ven Ragnvald Hammer snur seg i gravi.

ERLING JACOBSEN

13/1-01

«Dar kjem dampen»

Fleire innlegg i BT har kommentert den nylege fjernsynsproduksjonen om D/S «Oster». Dette syner kor sterke kjensler som er knytte til båten. Det bør alle vera glade for, og eg vonar dette vil skapa forståing for at det enno trengst godvilje og stønad til det omfattande arbeidet som enno står att.

Når det gjeld dette med songen og dei «nye versa», så var det aldri mi meining å såra korkje døveprest Hammer sine etterlevande eller andre som var glade i han. Har det skjedd, ber eg med dette om orsaking. Dei to nye versa som er laga til nemner spesielt at det nettopp var songen som heldt liv i minnet om båten, og uttrykker til slutt gleda over at båten er komen attende. Meir er det ikkje, og eg var naiv nok til å tru at dette var å æra dei som ærast burde. Det var aldri meininga at dei skulle konkurrera med Hammer sin tekst. Likeins har me i Nordhordland Veteranbåtlag gong på gong nemnt Hammer sitt namn i avisartiklar og talar om D/S «Oster».

La meg frå Nordhordland Veteranbåtlag nemna at alt vårt personlege arbeid for Gamledampen så langt er uløna, at det er nedlagt minst 9000 arbeidstimar og dertil mykje anna arbeid. På denne måten ynskjer me i gjerning å syna vyrdnad for alle dei som på kvar sin måte var glade i Gamledampen.

Eg møtte aldri døveprest Hammer, men slik både songen og ettermælet hans går, ville det ikkje undra meg om han hadde vore lukkeleg over at gamledampen kom attende. Difor ber eg om at både det laget gjer og dei to omtala versa vert tekne opp i god meining. La oss einast om at minnet hans skal ærast ved å samla oss om saka.

VIDAR LEHMANN,
BERGEN

«Dar kjem Dampen» 14/1-01

I BT fredag 12. januar gyver Erling Jacobsen løs på Vidar Lehmann for at han har skrevet to nye vers til sangen «Dar kjem Dampen». Kritikken skyter langt over målet.

De to versene er skrevet i pur glede over at det heldigvis ikke gikk som i sangens siste refreng: «Dar *gje*kk Dampen». Tvert imot, «Oster» kom tilbake og gjorde åpningen av Nordsteam 2000 Bergen til det største øyeblikket i Kulturbbyåret for svært mange. Også for Ivar Medaas, som flere ganger uttalte at dette var den største dagen i hans voksne liv. Den samme Ivar var rørt og glad over de to nye versene. Sannsynligvis ville Ragnvald Hammer også hatt sans for de to nye versene, som hittil kun har vært avsungenet for seg selv og ikke som en del av sangen «Dar kjem Dampen».

Alle som er involvert i «Oster» er fullstendig klar over og gir uttrykk for at «Dar kjem Dampen» har bidratt til at «Oster» ble berget. Bare denne debatten viser hva sangen betyr for vår landsdel.

Men skulle «Oster» berges, var det ikke nok med sangen, det måtte en storstilt innsats til, både med å gjøre dugnad og skaffe penger. Mange har vært involvert, men uten enkeltpersoners innsats hadde det ikke gått. En av dem er Vidar Lehmann. Uten hans innsats hadde ikke «Oster» vært der den er i dag. I tillegg til innsatsen for «Oster», var den samme Vidar Lehmann ulønnet nestleder og sekretær i hovedkomiteen for Nordsteam ved siden av sin krevende gjerning på Haukeland sykehus. Slik undertegnede kjenner Vidar Lehmann, ønsker han verken heder eller oppmerksomhet rundt sin person, selv om han fortjener det. Det aller siste han ønsker, er å ta æren fra tekstforfatter Hammer og komponist Medaas.

Ellers er det å beklage at Ragnvald Hammer ikke kom tydeligere fram som tekstforfatter i det ellers utmerkete tv-programmet «Dar kjem Dampen». Vi får anta at det ikke var tilsiktet, men et resultat av at programmet ble laget av personer bosatt på østlandet.

17/1-01

Eit nytt dikt om Oster

Med di at krotekallane Vidar Lehmann og Øystein Konglevoll ikkje har gått inn på kjerna mitt førre innlegg, men styrer ordskiftet i ei lei eg ikkje skjønar kva dei vil med, meiner eg at dei med dette gjer det klårt at dei kjende til åndsverkslova, fylgjande setning:

«Har en annen rett til å endre et åndsverk eller å gjøre det tilgjengelig for allmennheten, må dette ikke skje på en måte eller i en sammenheng som er krenkende for opphavsmannens litterære, vitenskapelige eller kunstneriske anseelse eller egenart, eller for verkets anseelse eller egenart.»

Meg bekjend, hadde ikkje Lehmann eller andre denne retten. Eg har heller ikkje trakka på Lehmann på noka vis. Tvert um hev eg sagt at han hev evner til å krota i hop noko betre enn eit vedheng til ein gamal song. Eg vil difor bjoda han til å skriva eit nytt dikt, eller song om ein vil, men som godt kan standa i stil med Hammer sin song, utan å vera eit vedheng. Det hadde vekt åtgauum på eit mykje betre vis enn no!

Elles vil eg gjera merksam på at eg ikkje kjenner til nokon som tykkjer ilt om at Oster vert sett i god gamal stand! Eg gjev med dette stor fagnad til dei som hev gjort dette mogeleg. Og dei som ikkje ser at her er tvo skilde saker, far stilt! Med dette takkar eg for ordskiftet og avsluttar min bolk i denne saga.

ERLING JACOBSEN

21/1-01

«Dar kjem Dampen»

Det er med glede jeg konstaterer at min dokumentarfilm «Dar kjem Dampen» på NRK1 ble godt mottatt og skaper debatt. Tv-programmet er en forkortet nasjonal versjon på 28 minutter, den lokale videoversjonen er på 50 minutter. Det var krevende å forkorte videoversjonen ned til 28 minutter, og dessverre ble da ikke Ragnvald Hammer nevnt.

Hammer blir nevnt både av Totto Osvold og Ivar Medaas i videoversjonen.

Denne versjonen er nå sendt til enken etter Ragnvald Hammer, og jeg håper det kan være et lite plaster på såret.

Jeg tror det er viktig å skille person og sak i denne debatten.

Programmet er min personlige historie om D/S «Oster», Sangen og menneskene rundt. Programmet ble sett av over 500.000 mennesker, og det gavner utvilsomt saken og den videre restaurering av D/S «Oster».

Avslutningsvis vil jeg takke alle som bidro til at det ble et tv-program, fra Ragnvald Hammer som skrev teksten og til alle som møtte frem for å hedre D/S «Oster»

3. august.

EILERT MUNCH LUND,
PRODUSENT/REGISSØR